

Emnerapport (hausten 2015)

for NORMAU 650, kull 2012

Faglærar si vurdering av gjennomføring

Studentane på dette kullet er i sitt nest siste semester og skal etter planen levera masteravhandlingane sine våren 2016. Dei har kvar sine individuelle rettleiarar og jobbar kvar for seg heile semesteret, men har vore inne til ei felles samling torsdag 29. og fredag 30. oktober. Det skulle i alt vera 10 studentar på samlinga, men den eine studenten melde fråfall. Denne evalueringssrapporten byggjer på responsen etter samlinga. Dei fekk i forkant av samlinga i oppgåve å skriva og leggja inn opptil fem sider frå noko dei ønskte respons på i oppgåvene sine. Dei vart fordelt på tre grupper, slik at dei to andre på gruppa skulle fungera som responsgruppe. I alt deltok to fagdidaktikarar, ein innleidt gjesteforelesar og fire andre individuelle rettleiarar på ulike delar av samlinga.

Programmet for samlinga var i grove trekk slik:

3 t gjesteforelesing om danningsbegrepet i teori og praksis

2 t prosjektutvikling i smågrupper

1 t skrivetips (kjelder og referansar)

2 t individuell rettleiingstid

3 t prosjektframlegg i plenum

Faglærar si vurdering av rammevilkåra

Me fekk tildelt både fellesrom og grupperom på Dragefjellet, og det fungerte heilt fint.

Faglærar sin kommentar til student-evalueringan(e)

Studentane fekk i etterkant av samlinga skriva ned kva dei var nøgde med på samlinga, kva som kunne ha vore betre og anna. Åtte av dei ni studentane som hadde vore på samlinga, deltok på evalueringa.

Dette kom fram som positivt:

- Bra og nyttig å møtast, reflektera i lag og lærerikt å diskutera prosjekt i grupper
- Nyttig å få respons frå medstudentar og lærerikt å høyra om andre sine prosjekt
- Fagleg påfyll og nye idear
- Å få tilgang til faglege ressurspersonar frå UiB
- Å få gode innspel og å få forelesingar som gir refleksjon og er nyttige
- Samling viktig for vidare motivasjon
- At det er avsett tid til å møta rettleiar

Dette kom fram som noko som kunne vore betre/annleis:

- Litt lenger tid på innlegga (enn 15 min.) – kanskje fordelt over to dagar
- Det vert etterlyst at det kunne vore matnyttig med for eksempel å jobba med element og tips om skriving og oppbygging av oppgåva i smågrupper

Anna:

Dei let vel over at det fagdidaktiske fagmiljøet er godt, og at dei føler dei får god hjelp.

Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak:

Studentane på kull 2012 var alt i alt veldig positive til samlinga. Det var mykje positivitet og god stemning i gruppa begge dagane, og det kjem også tydeleg fram i evalueringane. Dei gjev uttrykk for at berre det å møta kvarandre er ein viktig motivasjonsfaktor i arbeidet deira.

Utafor vår organisering har dei også oppretta ei eiga facebook-side. Til våren, deira siste semester, vil det likevel ikkje bli organisert ei fagleg samling frå UiB, men me har oppmoda dei om å avtala individuell rettleiing og har tinga eit rom (seminarrom C på Dragefjellet) dei kan møtast i den 10. og 11. mars. Det er vanskeleg å seia kor mykje dei organiserte samlingane har å seia for gjennomføringa av masterstudiet, men studentane lét i alle fall vel over dette fellesskapet, så negativt er det definitivt ikkje. I den grad me har ressursar til å få til slike samlingar, er det difor ønskjeleg at me held fram med å ha ei samling for kvart kull kvart semester.

Ragnhild Lie Anderson

-emneansvarleg for NORMAU 650 kull 2012, hausten 2015